



# DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

## Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 28.10.2020

Ikornnes kyrkje kl. 19.30

- Til stades:** Erlend Lunde, Magnar Vigstad, Marius Flemsæter, Ellen B Vatne,  
Anita Øvergård, Bergljot Hjortdal
- Sak 46/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
Ingen innvendinger. (Oppdater mailadresse til Ellen..)
- Sak 47/20 Godkjenning av referat frå forrige møte**  
Godkjent. Spørsmål frå saklista av 30.06.: Har det blitt innkjøpt stettglas som bestemt?
- Sak 48/20 Kort oppsummering frå innspel-møtet med Fellestrådet 01.09.**  
Vi må synleggjere dugnadsarbeidet som skjer i kyrkja. Gå ut i politiske møter og informere om den økonomiske stoda til kyrkja for å skaffe meir midlar. Promotere kyrkja og kyrkja sitt arbeid i lokalmiljøet. Kanskje få til ein «medieplan» for året, evt. ei eiga «kyrkjespalte» i Sykkylvsbladet?
- Sak 49/20 Regionalt kontaktmøte 4. nov.**  
Val av representantar til nasjonalt plan. Sykkylven har May Lisbeth Aurdal på val.
- Sak 50/20 Oppheng av nytt bilete**  
Vi har fått eit bilete som nokre av ungdommane våre har laga, og dei har lyst til å henge det opp nede i kyrkjekjellaren. Over pianoet er ein passende stad ☺
- Sak 51/20 Rekruttering av nye medarbeidere knytt til Gudstenestene**  
Vi har fått to nye tekstlesarar: Katrin Notanes Riksheim og Ellen Vatne. Men vi treng også fleire kyrkjevertar.
- Sak 52/20 Kyrkjedagane 2021**  
Det ser ikkje lyst ut for eit såpass stort arrangement så snart dessverre. Vi legg kyrkjedagane «på is» inntil vidare. Så vi må tenke alternativt for å prøve å skaffe inntekter til kyrkja.



# DEN NORSKE KYRKJA

Ikorntnes sokneråd

## **Sak 53/20 Fast giverteneste**

Vi må promotere dette for vener og kjende, samt at det kan oppfordrast til dette via kungjeringar i Gudstenesta. Få til eit innlegg i Sykkylvsbladet med informasjon om dette. Og kanskje også fronte det i forhold til at Kyrkjedagane 2021 blir avlyst, så det kan vere ein alternativ måte å få bidra økonomisk til kyrkja.

## **Sak 54/20 Flaggstang ved kyrkja**

Ref sak 44/20. Magnar skal sjekke med ordføraren vedr. avtale om kommunal flaggheising.

## **Sak 55/20 Reparasjon av trapper/skifer rundt kyrkja + div**

I dag starta arbeidet med å fikse trappene.

Det gjenstår fortsatt å få på plass beslag over dørstokkane frå kyrkjekjellaren inn til kjøkkenet og inn til boda. Runar / Rune er ansvarleg.

Klokketårnet er fiksa.

Uteareal / blomster / planter og bed. Vi må få på plass eit system som gjer at det ser greitt ut rundt kyrkja, utan at det er soknerådet som må ligge og luke med jamne mellomrom.

## **Sak 56/20 Nye satser for leige av kyrkjene**

Takstane vart sist reviderte i 2017, så no er det på tide å justere igjen. Ikorntnes sokneråd har gått gjennom forslaget og det ser greitt ut. Men vi ønsker at bønegrupper og misjonsmøter skal kunne få nytte lokala utan vederlag. Veit ikkje kva praksisen er pr i dag med dette.

## **Sak 57/20 Justert hovedgudsteneste**

Tidligere har det vore mulig å lage sin eigen vri på gudstenestene i dei ulike kyrkjene. Men no har det kome ei ny normert gudstenesteordning med 2 – 3 ulike variantar å velje i . Dette skal vere forankra i soknerådet samt i eit kyrkjelydsmøte. Vi har frist til 1. pinsedag 2021 for å gjennomføre. Det vert offentleggjort i forkant av ei Gudsteneste og gjennomført møte i kyrkjekjellaren rett etterpå.

## **Sak 58/20 Diakoniutval?**

Kristin Kjemphol Lohne har lyst til å lage eit diakoniutval og ønsker en representant frå soknerådet + gjerne ein person til frå Ikorntnes sokn til å vere med her. Vi inviterer Kristin til neste soknerådsmøte for å informere nærare om dette. Og vi kaller også inn alle vara-representanter til dette møtet.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikkornnes sokneråd

**Sak 59/20 Julerefest 5. juledag**

Vi ser an smittesituasjonen, men håper å få gjennomført dette. Vi kan ha gang rundt juletreet oppe, så blir det ikkje så tett. Soknerådet stiller opp og hjelper til med arrangementet. Rose og Erlend har regien.

**Neste møte: onsdag 9. desember kl 19.30 i kyrkjekjellaren.**

Då må vi huske val av ny leiar og nestleiar + sak: Stemming av kyrkjeorgel.

Skrivar, Anita Øvergård